

Til min Gyllenlakk

Av Henrik Wergeland

Gyllenlakk, fyrr du din glans hev tapt,
daa er eg det som hev allting skapt,
Ja, fyrr ditt blomstr-gull fell og fór,
daa er eg jord.

Just som eg ropar : hav glaset upp !
min sidste smil fær din gyllte knupp.
Mi saal ho kysser deg --ut ho sviv
til frigjort liv.

Tvo kyssar gjev eg din søte munn,
Din er den fyrste med rette grunn.
Hin gjeve du til mitt rosetre--
aa gløym `kje det !

I bløming fær eg det aldri sjaa,
men naar det hender,
hels fraa meg daa !
og seg, eg ynskjer at paa mi grav
det blømer av.

Ja seg, eg vil at paa brjostet mitt
den rosi kjem som du kysste blidt.
Ver gyllenlakk, fyr mi likferds ros
eit brueljos.

*Henrik Wergeland i umsetjing i Bokmannen,
Tidsskrift for diktekunst og opplysing.
Tidsskriftstyrar Idar Handagard, 1937.*



Motiv frå Ytre Fure på Stadlandet.

Språkmeldingi er komi

Stortingsmelding nr 35, den sokalla språkmeldingi, varslar nye politiske grip for å styrkja nynorsken. Kva som kjem til å henda med nynorsknormalen er likevel uklårt. Språkrådet ser ut til å ha fenge vide fullmakter, so nokor legalisering av høgnorsken kjem neppe på tala med det fyrste, men kva gjer det? Det er ikkje på grunn av, men på trass av, 70 år med politisk og byråkratisk styring av språket, at ein veksande skare av eldsjeler vel å nytta det målet som stend i ein ubrotten tradisjon heilt frå norrønt av. Høgnorsken vert ståande som eit ideal for dei vil dyrka det norske målet i sitt beste lag - eit mål som fengjer i kraft av at det liver!

I dette nummeret:

Frank Ohrich:	Kvinnor i kamp	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Noreg sèt frå Sambandsstatane	s. 3
Kenneth Kiplesund:	Sermerke ved Johannesevangeliet	s. 4
Frank Ohrich:	60 år sidan Berlin-blokaden	s. 5
Lars-Toralf Storstrand:	Eit innspel um Srebrenica-mytten	s. 6
Lars Moe:	Njord med lovande takter	s. 9
Lars Moe:	Smaklaus Haggis	s. 9
Svanhild Hopsdal:	Fysisk aktivitet i dagsens samfund	s. 10
Lars Moe:	Kuggnäsfestivalen 2008	s. 11
Thoralf Bergwitz:	“Fikk betalt for”	s. 12
Olav Torheim:	Moskøkamp i Köln	s. 13
Lars Bjarne Marøy:	Plastsoga - Part 3	s. 14
Olav Torheim:	Nye framvegar for høgnorsken?	s. 16

Kvinnor i kamp

Av Frank Ohrich

Striden millom Brunhilde og Fredegunde burde vera godt materiale til ein millomaldersk såpeserie. Dei tvo kvinnfolki slost mot kvarandre med alle moglege metodar – utpressing, kidnapping, tortur og giftmord - i mest 40 år (575 til 613), og konflikten medverka til den endelege undergangen åt det frankiske merowingerdynastiet.

Frankariket var på denne tidi kløyvt millom tri brør. I aust styrde Sigibert, som gifte seg med den vestgotiske prinsessa Brynhilde, og i vest styrde kong Chilperich, som gifte seg med syster hennar Brynhilde. Chilperich vilde kor som er ikkje kvitta seg med den gamle elskarinna si, den raudhåra bondegjenta Fredegunde, og då kona truga med å gå frå honom, tok han likso godt og strypte henne. Dinæst gifte han seg med Fredegunde.

Giftarmålet med Fredegunde vart startskotet til den blodige striden. Brynhild vilde ha hemn for dråpet på systeri og fekk Sigibert til å gå til krig mot bror sin. Fredegunde svara med å senda tvo snikmordarar til Sigibert, og desse stakk honom ned med kvar sin kniv. Brynhilde hanna no i fangenskap hjå den vonde versyster si,



Drottning Fredegunde.


men til all lukka greidde ho å smugla ut den fem år gamle sonen sin, og seinare greidde ho sjølv å stikka av. Etter dette regjerte Brynhild landet sitt på vegner av den mindreårige sonen sin – og etter at den unge tronarvingen, ukjent av kva slags grunn, kom til å lida ein altfor tidleg død – styrde ho vidare på vegner av versønene sine.

I millomtidi hadde Fredegunde gjort seg eit namn som masse-mordar. Saman med Chilperich let ho dusintals motstandarar verta torturerte, brende, forgifta og lemlesta. Til slutt byrja ho jamvel å gjera det av med sin eigen familie. Då ein av styksønene våga seg til å gifta seg med Brynhilde, tok ho likso godt livet av dei alle i hop. Og likeins gjekk det med husbonden sjølv, etter at ho fekk nyss um at han hadde funne seg ei elskarinna.

Endå um helsa var byrja å skranta, arbeidde Fredegunde vidare mot eitt mål: Å få teke Brynhilde av dage. Og det var den yngste sonen hennar, Clothar, som til slutt skulde syta for at ynsket hennar vart oppfylt.

Til å byrja med var det uråd for Clothar å vinna yver dei tri styksønene hennar Brynhilde, men diverre gjorde Brynhilde sitt livs mistak då ho eglar brørne upp til krig imot einannan. Mannefallet på bae sidor var stort, og det enda med at alle styksønene let livet.

Som ein siste utveg freista Brynhilde å setja det ti år gamle stykbarnebarnet på truna, men det vara ikkje lenge fyre den 70 år gamle prinsessa laut sanna at spelet var slutt. Då Clothar endeleg tok henne til fange, let han henne fyrst verta slept i tri



Philippoteaux og Girardet,
“Die Folterung von Brunhilde”

dagar etter ein kamel. Dinæst vart ho knytt fast med hår, hovud og føter til fem ville hestar og sliti sund.

Um du vil vita meir um kva saga fortel um dei tvo striduge kvinnfolki, kann du lesa meir um dei i den eldre eddaen eller i Niebelungenlied. Brynhild og Kriemhild heiter dei der.

Kjeldor

Teja Fiedler, Marc Goergen, “Die Geschichte der Deutschen”, DTV, 2008.



Senter
mot
antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Noreg sèt frå Sambandsstatane

Av Lars Bjarne Marøy

Ein skal ikkje ha reist mykje i Sambandsstatane fyre ein ansar på skilnader millom korleis det er der og i Noreg. I Noreg segjer folk at *“dette vert dyrt, so det fær staten taka seg av”*. I Sambandsstatane derimot segjer ein at *“dette vert so dyrt at det kann ikkje staten taka seg av”*. Rike menner hev donert pengar til store kulturprosjekt av alle slag. Kyrkjone er til dømes tufta på medlemskap og rike medlemmer kann segja klårt frå beinveges til kyrkjeverjor og andre som arbeider i kyrkja korleis dei vil ha det.

I Noreg vert pressa meir og meir einsretta og yver 60 prosent av journalistane er på den sosialistiske sida, um ikkje fleire. Nyansane i den politiske pressa er vortne ufatteleg mykje mindre berre dei siste tretti åri. Når ein sentral høgremann meiner at det er uturvande med ei konservativ pressa, so lenge han og andre kann skriva lesarbrief i dei eksisterande avisone, segjer det mykje um kor tafatte politikarar og opionionsdanarar me hev fenge. Det trengst so visst eit alternativ. Men kvifor hev det vorte slik det er? Og ikkje minst, korleis hev målrørsla late seg fanga inn av dei same destruktive kreftene?

Det er ein ting som er sams millom Sambandsstatane og Noreg, og det er interessa for grunnlovi. I Sambandsstatane vert grunnlovi dregi inn gong etter gong. Det er i mange høve rettsakene som danar presedensar som avgjer kva som skal vera lov og ikkje. Medan Noreg berre vedtek lover, hev domsmakti og høgsterrett meir å segja i Sambandsstane. I Noreg vil sume politikarar brigda grunnlovi slik at det skal verta lettare å få Noreg med i EU. Nei-sida hev freista gjera kraftige motlegg til dette, men vyrdnaden for grunnlovi er ikkje allverdssens. Medan amerikanarane skriv bok etter bok um konstitusjonelle og rettslege spursmål, vert det mindre av dette i Noreg.

I Sambandsstatane hev folk vore byrge av nasjonen og av grunnlovi, og borni hev måtta resitera frå sjølvstendproklamasjonen av 1776 som dana upptakti til grunnlovsforsamlingi. Medvitet um det nasjonale og um at ein bygger nasjonen på grunnlovsfedrane hev vore levande upp mot denne dag. Gigatantiske minnesmerke og sterk fokus på soga hev sett sine spor i folket. Tankane um at einskildmenneske skal klara seg er sterke. Medan nordmenn og europearar kann gjeva upp å læra frå seg eller å læra til seg, gjev amerikanarane aldri upp. Det er interessant å merka seg at det vert gjeve ut bøker um flestalle emne for “dummies”. Same kor dum ein er, so vert det venta at ikkje skal vera for dum til å læra.

Grunnlovi vår var og er på dansk.



Lojaliteten til fedrelandet hjå dei gamle målmenne låg i song og salmeskatt og i klassiske skjønnerarar tekster. Me kunde ikkje som amerikanarane dyrka våre Eidsvollsmenn. Det fanst heltar, men som me hev fenge påvist her i bladet, var det òg mange som viljugt kunde ha lura oss beint inn att under Danmark. Løvenskiold såg lenger, og Christie vart ein fyregangsmann for Ivar Aasen. Men dei store tenkjarane fekk me ikkje.

Når ein ser på korleis amerikanarane hylar George Washington, Thomas Jefferson, John Adams (no seinast med fjernsynsserie) og ikkje minst den store helten og multigeniet Benjamin Franklin, so vert våre grunnlovsfedrar tame. Aasen, Vinje og Garborg var alle store forfattarar og språkkunstnarar, men ingen av dei kunde hindra at målrørsla var fullstendig utan evna til å vinna tungt fram innanfor ei liberal eller konservativ råma. Det er mest tragisk at Aasen som rett nok nekta å taka mot landsmålsprofessorat, like fullt levde på staten mest heile sitt yrkesaktive liv. I sambandsstatane hadde han trulegt havt vener som hjelpte honom fram, slik mange av presidentane til dømes Wodrow Wilson hadde det.

Bergensmålmenne burde ha vore det som skulde ha skapa den naudsynlege tyngdi attum ei konservativ målrørsla. Men nei. Embetsmennene drog seg attende då bøndene tok makti på Stortinget. Kontinuiteten vart broten millom kulturberarane frå dansketidi og bøndene. Bøndene kunde aldri taka yver nokon kontinuitet eller skapa nokon kontinuitet i soga anna enn gjennom konstruksjonar langt attende i soga. Medan presidentane Adams og Jefferson kunde skriva um uttalen av greske ord, samstundes som dei sat trygt på storgodsi sine, sat Aasen og Garborg i småe kår når dei evt. gjorde det same.

Medan Sambandsstane hadde valt eit verdsspråk, hadde dei norske målmenne valt eit språk som kravde truskap og yvertyding frå brukarane. Det er i seg sjølv ein radikal tanke. På same måte som alt nytt vart radikal

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:
Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.l

etter 1884.

Amerikanarane hadde sin borgarkrig, men etter denne greidde dei å femna motsetnadene og koma seg vidare. I Noreg var det anten eller. Noreg er ikkje eit land for motsetnader og harde konfrontasjonar. Me toler ikkje ein EU-strid meir enn kvart tjugande år.

Lojaliteten til statlege bygg, folk sin eigedomsrett, grunnlov eller soga vert ikkje sett på eller opplevt som personleg viktugt. Kulturspursmål som kunde skaka forfedrane våre, vert i dag sette på som praktiske spursmål. Ungdomar som skal konfirmerast kann rasa yver at dei ikkje skynar nynorsk. Medan det ikkje finst vaksne som rasar yver fåkunna til ungdomen.

Når sosialismen og sosialdemokratiet fær herja, vert avgjerdene tekne ut or hendene på folk flest. Då gløymer dei snøgt at me må skapa vår eigi framtid. Det er kome so langt at eit argument mot å senda norske soldatar i krig er at dei kann døy. Ja, visst kann dei døy. Det er ein part av krigen. Og like naturleg er det at dei skal heidrast når dei er døde, men det høver ikkje inn i den sosialistiske verdsåskodingi. Folk skal ikkje døy, dei skal leva i det sosialdemokratiske paradiset. Der alt kann kurerast og der alle skal få alt dei treng frå staten. Døyr dei, so hev det offentlege skuldi. Og då må det truleg lagast ei ny lov. Det burde ha vore ei bok som heitte: Noreg sett frå Sambandsstane, ei bok for dummies, for å fram desse og mange andre galskapar.

Sermerke ved Johannesevangeliet

Av Kenneth Kiplesund

I dette stykket vil eg taka fyre meg sumt av det som sermerkjer Johannesevangeliet, i høve til dei tri hine evangelia: Matteus, Markus og Lukas (ofta kalla dei synoptiske evangelia).

Johannes legg sjølv fram fyremålet med evangelieskriftet i 20,30f. Han vil at lesarane skal koma til tru eller verta verande i trui på at Jesus er Messias, Guds Son, og ved trui ha ævelegt liv i honom (Bergene Holm: 1). Dette kjem klårare fram enn i dei synoptiske evangelia. Skriftet hev alto *"et klart, teologisk siktepunkt"* (Gilbrant 1978: 430).

Dette fær fylgjor for forfattaren si framstilling. Skriftet brukar mykje plass på å prova at Jesus er Gud. *"Intet skrift i NT har en så systematisk teologisk framstilling av denne kristendommens store hovedsannhet"* (Gilbrant 1978: 430). Forfattaren ynskjer å prova denne sanningi gjennom det vitneprovet som Jesus gjev um seg sjølv. *"Evangelieskriftet har derfor tatt med utsagn og gjerninger av Jesus som åpenbarer hans gudmenneskelighet. Det er Jesu selvåpenbaring i ord og gjerning som er skriftets budskap. Det er Jesus selv som er emnet for de taler Jesus her holder, og hans tegn og undergjerninger åpenbarer hvem han er."* (Bergene Holm: 1).

Johannesevangeliet er meir teologisk reflekterande enn dei tri hine. Dette ser ein allereide i det fyrste kapitlet i Johannesevangeliet. Her vert linone knytte attende til 1. Mos. 1: *"I upphavet var Ordet"* (Joh. 1,1). I den fyrste bolken understrikar Johannes at Jesus både var Gud og menneske: Gud vart menneske (kjøt) og tok bustad millom menneske (1,14).

Johannesevangeliet skil seg frå dei hine evangelieskriftene på etter måten mange måtar. Johannes utfyller de hine evangelia og tek med mykje som dei ikkje hev teke med: Brudlaupet i Kana, samtala med Nikodemus og den samaritanske kvinna, oppvekkjingi av Lasarus, "Eg er"-utsegnene og den lange avskilstala (Hvalvik & Stordalen: 235). Og medan dei tri fyrste evangelia hovudsakleg skildrar Jesu verksemd i Galilea, fortel Johannes hovudsakleg um verksemd i hans i Judea (Hvalvik & Stordalen: 236). Johannes tek dessutan med det som vert kalla "Jesu yppersteprestlige bønn". Dette kann ein vel kanskje segja er Jesu programtala i Johannesevangeliet (kap. 17).

Johannesevangeliet vantar samstundes etter måten mange ting som synoptikarane hev med: Jesu fødsel, Jesu freisting, samvær

med "tollarar og syndarar" og innstifting av nattverden. Johannes hev helder ikke med likningar og forteljingar um utdriving av vonde ånder.

"Johannes velger ut tegn og taler av Jesus ut fra deres innhold og her er også det meste nytt i forhold til de tre andre evangeliene". (Bergene Holm 1997: 1). Denne utveljingi vert alto gjort for å visa at Jesus er Messias, Guds Son. Jesu talestil i Johannesevangeliet skil seg frå synoptikarane, han hev sterke samse drag med Johannes-brevi (Skovgaard-Petersen: 18). Serleg gjeld dette når det er tala um Jesu tilhøve til Gud (f.eks. 10,24-30).

Elles brukar Johannesevangeliet eit meir vanlegt, universelt religiøst språk (ljøs og myrker, liv og daude). Dette til skilnad frå synoptikarane som brukar mange semittiske ord og vendingar. Forfattaren av Johannesevangeliet meistar det græske målet godt, men er sumtid påverka av semittiske uttrykksmåtar. Elles er teksti mykje merkt av antitesor (sanning-lygn, Guds born-Djevelens born). (Kieffer 1988: 498). Ein ansar dessutan på at setningsbygningen i Johannesevangeliet fylgjer eit einfelt mynster. Setningane stend som regel sida um sida, som oftast einast med eit "og" eller dilikt imillom: *"I upphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud"*, 1,1. (Skovgaard-Petersen : 28).

Evangeliet er dessutan merkt av at Jesus samtalar med einskildpersonar, til dømes Nikodemus (3,1 ff) og den samaritanske kvinna (4,7 ff), og med apostlane. Noko som er typisk for desse samrødene er at det Jesus segjer ofta hev dubbel botn, slik at dei som høyrer på ikke skynar kva han meiner.

I samrøda med Nikodemus talar han um å verta "fødd på nyo". "Nikodemus undrar seg yver korleis ein kann koma inn att i mors liv, medan Jesus i røyndi talar um ein åndeleg fødsel tilverka av Gud (Hvalvik & Stordalen: 242).

Jesus brukar et billetelegt språk for å framhevja at han er guddomeleg: "Eg er": livsens vatn, livsens brød, heimsens ljøs og den gode hyrde. Ein ting må nemnast når det gjeld desse "Eg er"-utsegnene: Jesu bruk av "Eg er" spelar på Guds namn i 2. Mos 3,14. Me ser eit anna døme på dette i Joh. 18,5 (græsk: "ego eimi", Guds namn). ("Bibelen, Guds Ord").

Det vert ofta framhevja at læresveinane fyrst litt etter litt skynar rekkjeviddi av Jesu ord (13,7: 14,26: 15,26: 16,12-14). Dei skal

fyrst få full innsikt og forståing den dagen då Den Heilage Ande skal verta gjeven: 14,16 og 14,20. Den Heilage Ande skal "læra dykk alt og minna dykk på alt det som eg hev sagt dykk" (14,26).

Ein annan skilnad millom Johannes og dei hine evangelistane er at Jesu arbeid hjå synoptikarane ser ut til å ha gjenge yver eitt år, medan det hjå Johannes tykkjest å vara minst to år. Johannes nemner til dømes tri påskefestar.

Johannesevangeliet talar um Jesu undergjerningar som "teikn" (2:11). Det fyrste teiknet er vidunderet i Kana (2,1-11). Evangeliet talar um sju slike teikn. Desse teikni hev ein serskild symbolverdi i evangeliet. Dei skal syna at Jesus er Messias. Men dei fleste skynar ikkje Jesu under på denne måten, og dette utløyser ofte heite ordskifte millom deim og Jesus (Kieffer 1987: 125).

Det sjuande teiknet er oppvekkjingi av Lasarus (11,43). Det er dette teiknet som for ålvor løyser ut sinne hjå dei jødiske leidarane: "Frå den dagen la dei upp råd um å drepa han." (11,53). Slik fær dette teiknet ein ironisk yvertone: Jesus som gjev liv til Lasarus lyt sjølv døy for å kunna gjeva ævleg liv til alle som trur. Teiknet peikar alto fram mot Jesu død.

Kjeldor

Skriftlege

Bergene Holm, Per (1997): Johannes-evangeliet Fossnes: Bibelskolen på Fossnes
Bibelen Oslo: Det norske bibelselskap 1953 (Indrebø-bibelen)

Bibelen Oslo: Norsk Bibel AS 1988

Bibelen, Guds ord Nesbyen: Bibelforlaget 1997

Gilbrant, Thoralf m.fl. (red.) (1978): Studiebibelen, bind 2 Oslo: Illustrert bibelleksikon

Hvalvik, Reidar & Stordalen, Terje (1999): Den store fortellingen Oslo: Det Norske Bibelselskap

Kieffer, René (1987): Johannesevangeliet 1-10 Uppsala: EFS-förlaget

Kieffer, René (1988): Johannesevangeliet 11-21 Uppsala: EFS-förlaget

Kvalbein, Hans (1989): Hovedtanker i Johannesevangeliet Oslo: Lunde

Skovgaard-Petersen, C. (1951): Johannes-evangeliet København: Det Danske Bibelselskap

Munnlege

Asbjørn Hunnes, Vanylven. Telefonintervju

60 år sidan Berlin-blokaden

Av Frank Ohrich

Då andre heimskrigen tok slutt i 1945, vart Tyskland kløyvd inn i sektorar administrerte av dei ulike allierte okkupasjonsmakter – tri vestlege og ein austleg. Og alt frå 1946 av vart det klårt at dei allierte landi ikkje lenger kunde verta samde um kva som skulde skje vidare med landet. Amerikanarar, britar og franskmenn vilde ha eit vestlegorientert og økonomisk sterkt Tyskland, medan Sovjetunionen ynskte å inkorporera landet millom dei austlege sosialistiske blokklandi.

Då dei vestlege landi tok saki i eigne hender og innførde D-mark som den nye mynteiningi i dei tri vestlege okkupasjonssonone, svara russarane med fullstendig blokade av Vest-Berlin. Den 12. juni 1948 melde Sovjetunionen frå um at motorvegen som førde inn til Berlin frå Vest-Tyskland var stengd for skuld vegarbeid. I dagane som fylgde vart det stødt fleire ferdslsrestriksjonar, og den 24. juni vart det endelegt annonsert frå russisk sida at “tekniske vandemål” gjorde at all veg- og togtrafikk til Berlin kom til å taka slutt - etterfylgd av ei melding den neste dagen um at dei helder ikkje kom til å sleppa matforsyningar inn i den vestlege sektoren.

Den russiske militæradministrasjonen stengde av det som til dessar hadde vore eit sams varmekraftverk for heile Berlin og dei stengde alle vegar inn til byen. Offisielt heitte det at russarane heldt på med “byggjearbeid”, men for alle som forstod spelet låg det i korti at Sovjetunionen var ute etter å få kontroll med heile Berlin.

“Um Berlin fell, fylgjer Vest-Tyskland etter,” trudde general Clay, andsvarleg for den amerikanske sektoren. Og britane og franskmennene var samde i at her hadde ein ikkje noko val – dei var nøydd til å taka opp kampen. Og dimed vart luftbrui frå Vest-Tyskland til Berlin opna. Frå 25. juni 1948 til 12. mai 1949 vart Vest-Berlin forsynt frå lufti med alle turvande varor:

Yver tvo korridorar flaug fulle fly i fem ulike høgder frå Vest-Tyskland til Berlin. Yver ein tredje korridor flaug flyi attende. Og um eit fly ikkje greidde å landa på fyrste freistnaden, laut det flyga attende fullasta slik at det ikkje hefta dei hine flyi. Kwart tridje

minutt landa det eit fly med forsyningar, til å byrja med på improviserte rullebanar.

Umbord på dei um lag 300 britiske og amerikanske flyi var alt det som berlinarane trong for å yverliva – um lag 3000 tonn med nyttelast vart det levert kvar dag. Tvo tridjepartar var kol, ein fjordepart matvaror, og resten råmaterial som andre emne kunde tilverkast frå. For å spara vikt gjekk det mykje i turmjolk og andre produkt som ikkje inneheld so mykje vatn. Men jamvel um det frå vika til vika vart transportert meir og meir matvaror til byen, so minka det på maten. Vetteren 1948 til 1949 var tollegt mild, men mange vart likevel sjuke og døydd av den dårlege kosten.

277.728 flyturar vart det til slutt, fyre russarane gav opp og avslutta blokaden. Rekningi for luftbrui kom på 200 millionar dollar, som for det meste vart finansierte av amerikanske og britiske skattebetalarar. Men med luftbrui og kampen mot blokaden vart det klårt for det tyske folket at amerikanarane og britane stod på deira sida no, og at soldatane deira ikkje lenger var i landet for å okkupera dei, men for å verna dei mot den kommunistiske fåren frå aust. Og utan Berlin-blokaden, og seinare Berlin-muren, hadde det nok helder ikkje vorte nokor Berlin-tala (i 1963 av JFK og i 1987 av Ronald Reagan) som Barak Obama meir enn 40 år etter JFK kunde slå politisk mynt på i presidentvalkampen. Men denne gongen var det altso ingen mur.



Luftkorridorane inn til Berlin.

Den rette trælelæra

Norvald Aasen frå Sunnfjord hev sendt oss avsnittet nedanfor, som vart ført i pennen av jus.professor Nikolaus Gjelsvik i Norsk Soldatbok som kom ut i 1921.

”Hjå eit fritt og sjølvstendig folk er fedralandshug og nationalkjensle ei stor dygd. Hjå eit underkua folk derimot den største udygd og det verste lytet. Ein mann, som hev dette lytet, vert rekna for ein låk kar og er lite velsedd hjå dei styrande, kor mykje godt han so gjer. Men den, som sputtar på sitt eige folk og på det, som høyrer folket til, han vert velsedd hjå framandherrarne. Den mannen kann dei bruka. På den måten dreg framandstyret fram dei låke element hjå folket, og held dei gode nede, og folket vert lett demoralisera. Ja til sist kann folket søkkja so langt ned, at det er byrgt av, at det gjer store ting for herrefolket, ja byrgt av, at det hjelper til med å halda seg sjølv i trældom. Og når herrefolket då kjem med ros – og i slike høve sparar det ikkje på den – er tenarfolket reint byrgt. Det er den rette trælelæra. Når hesten er byrgt av, at det er han, som dreg lasset, so viser det berre at han er hest.”

Ein kann diverre ikkje segja anna enn at ordi hans Gjelsvik gjeld like mykje i dag. At mange bokmålsfolk openlyst skrøyter av at dei ikkje skynar nynorsk er no si sak, men stoda er diverre ikkje betre millom nynorskfolk helder. Verre er det at jamvel nynorske skribentar og intellektuelle gjer det same. For nokre år sidan rykkte sokneprest i Setesdal, Theis Salvesen, i Setesdal ut i media og klaga yver at det nynorske bibelmålet var altfor gamaldags og laut reviderast, og det siste året hev me havt utspel frå lektor Svein Sirnes og journalist Anne Viken der dei klagar yver at nynorsken som vert nytta i skulen og i dagspressa er “ubrukeleg”. Og spalteplass i hovudstadsavisone hev det visselegt ikkje skorta på for nokon av dei.

Dvergemålet

Kunsten å ljuga eit holocaust

Eit innspel um Srebrenica-myten

Av Lars-Toralf Storstrand

Då andre verdskrigen var yver i 1945 – og verdi skyna at det dei [1] ålment hadde late att augo for var ein røyndom, gjekk det eit styn gjennom verdi. Hitler sine kvasi-odinistar (i røyndomen katolikkar [2]) hadde gjennomført eit massivt brennoffer [3] til sitt gudepantheon – som dei nemner med kristeleggjorde namn. Alle var samde um at dette aldri måtte gløymast. Slagordet vart: «Aldri meir».

Jamvel um det me kjenner som og aksepterar som «HaShoah» stend i ei serstilling med si industrielle utrydning av jødar primært, og sigøynarar, utviklingshemma og sume andre grupper sekundært, er det ingen løyndom at millionar av menneske er vortne ofra både fyrr og sidan. Fyre Shoa i 1914-15 vart 1,4 millionar armenarar drepne i Tyrkia [4], utan at me skal gå nærare inn på dette her. Midt på 30-talet vart Ukraina og Belarus offer for ein kontrollert hungersnaud kjend som «galadamor» (alt. «holodomor») [5].

Seinare hev me set nedslakting i verdssosialismens namn under so vel Stalin, Mao Zedong og Pol Pot som andre.

Alle desse er i større eller mindre grad «holocaustar» - endå dei ikkje kann liknast med Shoah. Det skal eg korso ikkje dryfta vidare her.

Mindre «Holocausts»

Etter Pol Pot sitt massedråp av tvo millionar kambodsjanarar hev media med jamne millomrom framstelt ei rad andre «holocaustar» - sumtid berre nemnde som «massakrar» - alt med tilvising til at me «aldri meir» skal tegja.

Like fullt må me stella spursmål ved um det kann rettferdiggjera lygn. Hev ikkje ein journalist plikt til å granska kjeldorne sine djupare enn på yta? Kann ein journalist med integritet tufta ei sak på det han eller ho tilsynelatande ser – eller det sokalla augnevitne segjer? Kva ville ein jury kravt? Informasjon frå bae sidor? Truleg det. Fru Justitita hev som kjend eit skjerf bunde fyre augo – og krev at viktuskålene vert fylde med alle tilgjengelege prov.

Midausten

Tak til dømes fangelægri Sabra og Shatila

for snart tretti år sidan. Framleides snakkar sume um at 3500 vart «massakrerte» her – og framleides vert ein presentert for det «faktum» at det var «israelsvenlege» grupper som stod bak massakren. Nærare gransking hev korso synt at det røynelege talet på daude kann ha vore so lite som 465 [6] – og at det vert ravgale å bruka umgripet «massakre» på det som hende. I ettertid hev eit personlegt dokument frå ein som var med under massakrane, Robert Maroun Hatem, vitna um korleides åttaket på flyktingelægri var eit tingingsverk frå Syria – og at leidaren for åttaket, Elie Hobeika, seinare vart lønt med ministerpost i det syrisk-okkuperte Libanon [7]. Kvifor vil ikkje media vera etterrettelegt når det gjeld musulmanar [8]?

I den arabiske byen Jenin (medvite urettkome kalla eit flyktingelægri) i dei palestina-arabiske sjølvstyremråda, vart det for nokre år sidan meld um 5000 drepne etter eit åttak frå israelsk hold. Gradvis var talet nedjustert – fyrst byrja den palestinske talsmannen å snakka um berre 500 drepne, og til slutt slo ein SN-kommisjon fast at det ikkje var tala um fleire enn 52 (1.05 prosent av det opphavlege talet). Av desse vart 48 (>90 prosent) drepne av sine egne – og berre fire (< 10 prosent) av israelarar. Likevel held media fram med å umtala det som ei israelsk «massakrering av skuldlause palestinarar». Kvar vert grannsemidi av?

Hoppar me attende til 9. april 1948, hende det etter det Kåre Isaachsen Willoch fortel ei massakre i den «palestinske» landsbyen Deir Jassin. Willoch hev på det næraste gjort ei argumentativ karriere med å stødt visa til dette – kvar gong han debatterer. Han plar segja at det var den Begin-leidde rørsla Irgun (anten det, eller so byrjar han snakka um Stern-gjengen som var ei heilt onnor gruppa) som stod attum massakren der 250 skuldlause menn, kvende og barn vart drepne.

Men då Israel i 1998 markerte 50-årsjubileet [9], presenterte det elles sterkt anti-israelske BBC ein TV-serie um Israel og arabarane gjennom 50 år, der eit personleg vitnemål frå den arabiske radio-redaktøren Hazem Nusseibeh fortalde um eit møte med Hussein Khalidi, sekretær frå den arabiske høgkomitéen og

nokre få yverlivande frå Deir Jassin – like etter åttaket.

Desse laga eit «spin» av saka for å slå mynt på henne, og fortalde korleides born vart myrda og gravide kvende var valdtekte. Dei yverlivande protesterte på dette – men vart pressa til å tegja i hel det faktum at det korkje fanst born eller kvende i landsbyen då åttaket kom.

Dette, meir enn noko anna, fortalde Nusseibeh – var det som dreiv «palestinarane» til å flykta frå Israel – ikkje israelske soldatar.

I seinare tid hev palestinske antropologar byrja å granska hendingane i Deir Jassin, og hev kome fram til at det rett nok budde 750 menneske i landsbyen – ein landsby der alle kjende alle. Talet på daude steig korso aldri yver 120 – skriv dei tvo i ein publikasjon frå det kjende palestinske Bir Zeit-universitetet.

Balkan

Når me no hoppar fram i tid, og til Balkan – veit du at neste stoppestad er Srebreniča - som SN gjorde til ein «heilagdom» - nærast likna med Auschwitz – men med langt frå like mange daude.

Dei offisielle tali frå Srebreniča stoggar ein stad millom 7000 og 8000, utan at media hev sèt nokon grund til å stella spursmål ved kva som hende i byen. Dei grufulle serbarane er då mest åleine skuld i borgarkrigen på Balkan, må vita...

Men er det sant?

I snart ein halv mannsalder hev «Srebreniča» vorte medvite nytta for å nemna «nedslaktinga av skuldlause muslimar» av kristne serbarar. Etter det media vil hava oss til å tru vart millom «sju og åtte tusund musulmanar» drepne av bosniske serbarar då dei inntok den vetle byen aust i Bosnia Hercegovina i juli 1995.

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>

SN styd upp um påstandet um at bosniske serbarar gjekk inn i SN si tryggjingsone og avretta tusundtals menn, kvende og born under eit tidsrom på få dagar, for dinæst å grava deim ned i massegraver, som framleis var under utgraving so seint som i 2007.

Kor som er medgav jamvel Clinton-administrasjon ikkje berre det at dei ikkje sviv dei det minste um kven som ligg i gravene – men at dei fleste gravene er å finna utanfyre byar som var røva og rana av muslimske terroristar, millom anna leidde av Nasir Orič, som sjølv hev medgjeve å vera skuld i å ha drepe tusundtals serbarar [10].

Samstundes segjer ingen noko um at det jamvel var harde kampar millom rivaliserande muslimske grupper [11], og at mange muslimar vart drepne i desse.

Det finst kor som er mykje som talar mot det som påståeleg hende denne sumaren. I Beograd sit historikaren Milivoje Ivanisevič, som sjølv var i Srebreniça, og som i meir enn ti år hev dokumentert jugoslaviske krigsfall. Ivanisevič, dokumenterer i boki «The Srebreniça Identity Card» at av hundrattals lik som vart «offisielt gravlagde» under den store minneseremonien i Srebreniça i regi av SN, døydde brorparten på andre tidspunkt – sume so lenge som 13 år tidlegare.

Ivanisevič rapporterte at i mars 2007 var 2442 lik vortne gravlagde ved det offisielle minnesmerket. Av desse var ikkje færre enn 37 prosent – 914 personar registrerte som røystarar under valet – eitt år etter at dei skulde ha vorte massakrerte. Namni er å finna i det OSSE-kontrollerte manntalet yver personar som røysta ved valet.

Endå fleire «minst 100 personar» er påviste å ha døydd av naturlege årsaker. Ivanisevič legg fram dokumentasjon på at talet truleg hadde vore mykje høgare, om han hadde fenge høve til å kontrollera dødsprotokollane i dei kringliggjande byane og landsbyane, for å påvisa «tvifaldig bokføring».

Vidare dokumenterer Ivanisevič at fleire hundrad soldatar, so vel som sivile, vart yverførde til Srebreniça-minnet frå andre gravplassar – der dei vart gravlagde under muslimske ritual. Sume av desse døydde heile 13 år tidlegare i byen Kazani – i 1982.

Det stannar korso ikkje der, då Ivanisevič legg fram dokument på minst eit dusin familiar som tok imot krigspen-

sjon av di dei hadde ætlingar i uniform som hadde mist livet fyre 11. november 1993, men jamvel sume av desse er førde upp som offer i Srebreniça. Dette gjeng fram av dokument som den bosnisk-serbiske heren sikra. Sume dokument stadfestar dessutan korleides bosniske muslimar som døydde i regulære kampar fyrr 7. mars 1994 er vortne offer for tvifaldig-bokføring.

Som um ikkje det var nok hev Ivanisevič dokumentert namn på ei rad bosniske muslimar, gravlagde ved det offisielle minnesmerket, som sjølv var aktivt med i massakrar mot serbiske sivile – der det er prova at minst 3000 serbarar vart drepne!

Politisk spel

Clinton-administrasjonen gjorde seg nytte av «Srebreniça-massakren» for alt han var verd i politisk augemål. Millom anna sikra dei studnad til muslimsk dominerte rørsler i Bosnia, so vel som i Makedonia og Kosovo, noko som i ettertid hev ført til at Kosovo reiv seg lause frå serbisk kontroll – endå det ikkje finst den minste eva um at det er i strid med folkeretten – og soga.

Ein nyare analyse publisert i ein G2-bulletin syner at vestleg studnad til muslimane på Balkan hev gjenge på kostnad av dei kristne – for skuld politisk vinst. Målet er å dempa dei meir «moderate» sunnikontrollerte regimi i Midtausten, for å skapa ein bremsekloss mot Shi'ite-styret i Iran.

Til tider ser me i dette, utan breidare jamføring elles, ein parallell til hendingane i Darfur.

Massemedia si rolla

Massemedia spelar ei vital rolle i myten um Srebreniça. Serleg avisor som New York Times, Washington Post, Los Angeles Times og Wall Street Journal ber tunge byrder i so måte, til liks med tyske og franske media, der dei hev jamført Srebreniça millom anna med andre heimskrigen, og kalla det «ein flekk på den vestlege verdi sitt samvit.»

Hadde Karl Popper livt no – hadde han rive seg i håret yver den skortande akademiske integriteten – og tilvendingi til reindyrka propaganda i vitenskapens namn.

Parallellane til den göbbelske propagandatanken, um å fremja og herma ei lygn mange nok gonger – heilt til dess folk trur ho er sann - er nærliggjande. Og likeins parallellane til boki med «Alice

Gjennom Spegelen» - der svart hev vorte kvitt – og kvitt svart.

Etter måten mange kritiske røyster hev vorte lyfte mot påstandi – men desse hev anten vorte tagde i hel – eller gravlagde i småe notisar.

Heiderlege undantak finst korso. Sumaren 2005 uttala «The Srebreniça Research Group» hovudsakleg sett i hop av amerikanske og britiske mediaperonar, og dessutan framstående akademikarar og sivile leidarar, og til slutt militære observatørar frå FN, ei demystifisering av Srebreniça-massakren [12]. I staden for dei 7000-8000 som media og FN hev presentert, hev desse med hjelp frå offentleg statistikk justert talet på drepne ned til ein stad «i lægre hundrattal», ikkje høgare enn «sju til åtte hundrade» muslimar – og på det høgste 2000 – serbarar inkludert.

Leidar for SNs menneskerettskommisjon, Henry Wieland, som bruka mange dagar på å spyrja ut yverlivande frå Srebreniça i juli 1995 stadfestar dette – med di han kunde fortelja at han «ikkje møtte ein einaste person som hadde sèt massakren med egne augo.»

Dei rettsmedisinske funni vert det stelt spursmål ved, dei med – sidan utgravingi av massegravene og identifiseringa av dei avlidne vart leidd av den no avlidne bosniske islamisten Alija Izetbegović [13].

For Izetbegović sine annalar byrjar slett ikkje der. I eigi bok frå 1990, skriv han: «...det kann ikkje finnast fred eller sameksistens millom 'muslimsk tru' og ikkje-muslimske samfund og politiske institusjonar. Islam avskriv heilt retten og høvet til aktivitetar frå framande ideologiar på si jord ... og staten skal vera religionens talerør» [14].

Alija Izetbegović sitt uttala mål var å skapa ein dzamahirija, ein muslimsk stat styrd etter Sha'aria.

Provføringi [15] hev mange høl, serleg der det er tala um at den klaga eller vitni hev muslimsk tilknytnad. Påtalemakti sitt krunvitne, den bosniske kroatian Dragan Erdemović [16], vart friteken frå krysseksaminering – av di retten meinte han var mentalt ustabil, og berre dømd til fem års fengsel – endå hans eigi fråsegn inkriminerte honom på det grovaste. Serbarar som er prova å ikkje eingong ha vore i Srebreniça hev vorte dømde til upp til ti gonger so lang straff, berre av di dei hadde høgare militær rang.

Det nederlandske instituttet for krigs-dokumentasjon (NIWD) publiserte i 2002 ein rapport som på breidt grunnlag prova at Srebreniča, SN si tryg-gjingsone, fungerte som eit «trygt» vald for tusundtals væpna musulmanar – som utnytta dette til å røva, rana og massakr-era kringliggjande serbiske landsbyar og byar med stor ihug. Dette hev jamvel vorte studd av ein rapport frå SN sin generalsekretær til generalforsamlingi, publisert 15. november 1999. SN gjorde ikkje på noko tidspunkt nokon freistnad på å avværna desse sokalla «islamistane», noko som er ein klår parallell til SN sitt nærvære i Sud-Libanon.

Leidaren for ei sovori muslimsk gruppa, Nasir Orič, fortel korleis gruppa hans massakrerte hundrattals serbarar – for dinæst å feira sigeren med god mat, dans og lovsong(!) [17]. Orič understrekar at det ikkje var serbiske soldatar – men sivile - dei drap.

Kor som er, det stoggar ikkje der. Året i fyrevegen stod dette å lesa i Washington Post: «Me måtte bruka kalde våpen den notti,» forklarar Orič, medan scenor med daude menn sundskorne av knivar (og økser, hamrar, osb.) rullar yver TV-skjermene hans frå video-opptaket [18].

Grundleggjar av lokaldeildi for det muslimske partiet SDA i Srebreniča, Ibran Mustafič stadfester dette med – og hevdar framum alt at ordren um å setja i scena «massakren i Srebreniča» kom frå Sarajevo og Kakanj – med andre ord beinveges frå Izetbegovič – som seinare var den som stod for «dokumenteringi» av «massakren» [19].

Mustafič meiner ikkje minst at Srebreniča både er – og hev vore ein sers effektiv måte å reisa pengar til den bosnisk-muslimske staten på – pengar som til sjuande og sist vert nytta til å finansiera ekstremistiske muslimske grupper.

Prov som ikkje vert høyrde

Det kann kor som er tykkjast som um sume opplysningar ikkje skal koma fram. Ein som hadde sitt å segja var ein hollandsk kaptein A.A. Schouten:

«Alle hermar alle, men ingen kjem med handfaste prov. Eg hev merkt meg at i Nederland yniskjer dei fleste å prova at folkemord hev gjenge fyre seg [...], men um regulære avrettingar hev gjenge fyre seg, so hev serbarane duld det ovgodt. Difor trur eg ikkje på noko av det. Dagen etter at Srebreniča fall, den

13. juli, kom eg sjølv til Bratunač, der eg vart verande i åtte dagar. Eg fekk gå fritt ikring, eg fekk all tenkjeleg hjelp og vart ikkje stogga ein einaste stad.» [20]

Den hollandske løytnanten Jasper Verplanke i det hollandske elitesoldatkorpsset Korps Komandotroepen, stadfester det same [21]. Det gjer den hollandske obersten G. van Oppen med: «Muslimar flydde [til Tuzla] i hopetal kvelden fyre åtaket [på Srebreniča].» [22] og likeins den britiske journalisten Michael Evans: «*fyr serbarane gjekk inn [i Srebreniča] hadde muslimar skôte på serbiske einingar langs hovudvegen Sunnan [...] Det er tydeleg at musulmanarne si avgjersle um å leivna byen gav serbarane eit uventa høve til å innta Srebreniča.*» [23]

Carlos Martino Branco med, UNMO (militær observatør for SN) i Srebreniča styd upp um dette: «*Når ein ser nærare på Srebreniča kann ein ikkje avgrensa seg korkje til folkemord eller massegraver [...] om det hadde eksistert ein plan um medvite folkemord – hadde serbarane kringsett byen for å syta for at ingen kom seg undan. SN sine observasjonspostar vart aldri hefta og vart verande i fred til dess dei militære operasjonane var yver. [Når det gjeld] massegravene utanfyre Srebreniča, finst dei som i resten av Ex-Jugoslavia, men det finst ingen grund til å godta dei tali frå CNN. [...] Massegravene er fylde med eit avgrensa tal lik frå både sidor, som ei fylgja av mange slag – ikkje på grunn av planlagd folkemord, slik den serbiske busetnaden i Krajina vart offer for, då den kroatisk hær myrda alle serbarane der, utan at media sa eit einaste ord, endå myrdingi heldt fram i meir enn tri månadar.*» [24]

Ein muslimsk heilagdom

Me kann med andre ord slå fast at massakren i Srebreniča er ein myte – skapt av media og av Clinton-administrasjonen og vidareført av lutar av SN-apparatet. Det kann helder ikkje råda eva um at Srebreniča-myten hev sterke likskapsdrag med mytane um Deir Jassin, Sabra og Shatila og Jenin, og han vert tynt til det strengaste for å mana musulmanar til Jihad.

Fremjinga av myten tykkjast vera eit mål um ikkje berre å utsletta det kristne elementet på Balkan – men å byggja ein muslimsk heilagdom i Europa, som kann brukast i ein potensiell framtidig strid for å vinna Europa for islam.

Dette tykkjast ikkje minst å få ny kraft no når Kosovo hev vorte eit nytt bruhovud for muslimsk frammarsj mot Europa.

Difor fær me avslutta med Arnulf Øverland sine ord: «verg dine barn – Europa brenner.» Det er visseleg sant.

Kjelder

- 1: Morse, Arthur D: Mens Seks Millioner Døde, Gyldendal Norsk Forlag, 1969
- 2: http://en.wikipedia.org/wiki/Adolf_Hitler's_religious_beliefs
- 3: <http://en.wikipedia.org/wiki/Holocaust>
- 4: http://en.wikipedia.org/wiki/Armenian_genocide
- 5: <http://en.wikipedia.org/wiki/Holodomor>
- 6: Dette fortalde Leif Røssaak, tidlegare talsmann for Israels Ambassade i Noreg.
- 7: Hatem, Robert Maroun: From Israel to Damascus, publisert på internett – etter å ha blitt forbøde i Libanon. <http://www.aceviper.net/members/cobra/intro.html>
- 8: Ogso kjend som ‘muslim’.
- 9: <http://www.miff.no/nyheter/2004/12/02DeirYassin.htm>
- 10: Israel, Jared, Daily Telegraph, Sydney, Australia, 20. Juli, 2000 og New York Post, 28 Juli. 2000
- 11: <http://www.emperors-clothes.com/articles/kilibarda/islamist.htm>
- 12: <http://www.srebrenica-report.com/>
- 13: Izvesztia, Russland, 17. november, 1992; artikkel um Alija Izetbegovič si fortid.
- 14: Izetbegovič, Alijah, Islamska Deklaracija, side 22.
- 15: The Nation, 22. September 1997: Johnstone, Diana; Selective Justice in The Hague: The War Crimes Tribunal on For-

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

mer Yugoslavia is a Mockery of Evidentiary Rule.

16:

Drazan Erdemovic sentenced to 5 Years imprisonment; Pressemelding frå ICTY; <http://www.un.org/icty/pressreal/p299-e.htm>

17:

Kfr. Toronto Star, 16. juli 1995

18:

Washington Post, 16. februar 1994

19:

Slobodna Bosna, uavhengig bosnisk-musulmansk magazin publisert i Sarajevo, Bosnia-Hercegovina, 14. juli 1996.

20:

Het Parool, 27. juli 1995

21:

Nieuwsblad van het Noorden, 17 August 1995.

22:

Fries Dagblad, 13. oktober 1995.

23:

The Times, 13. juli 1995.

24:

<http://www.globalresearch.ca/index.php?context=listByAuthor&authorFirst=Carlos&authorName=Martins Branco>

Njord med lovande takter

Av Lars Moe

Vikingrockebandet Njord vart skipa i 2003 og hev tidlegare vore med på ymse slags samleplator, som til dømes den populære Carolus Rex-serien frå UT Records, men fyrst no kjem debutplata «Mot Himlen».

Ein skal ikkje lyda lenge til «Mot Himlen» fyre ein høyrer at her er det mykje bra låtmateriale som hev lege og godgjort seg gjennom mange år - heile 13 spor er det i alt - og plata vert berre betre og betre for kvar gjenomhøyring. Både musikken og bodskapen er topp!

Plata byrjar rolegt med ein intro der dei programmatisk slær fast at dei liver i ei tid der nasjonane er truga av undergang, men der det framleides finst dei som kjempar for at landet deira skal få liva vidare – og Njord er millom desse.

Elles gjeng det som vanlegt mykje i norrøn mytologi og svensk saga når det kjem til tekstene – slik ein kann høyra av titlar som «Ragnarok», «Gjallarhornet», «Fornstora dagar» og «The vikings from the north». Men heilt fortapte i fornheimen er dei likevel ikkje.



Melodien «Om vi för landet måste slåss» hev ein samfundskritisk tekst som tek fyre seg nedbyggjingi av det svenske forsvaret. I dag vert det sagt at det ikkje finst noko trugselbilæte å snakka um, og difor vert militæret rusta ned – men soga syner at det ikkje er fyrste gongen at folk hev tenkt slik, og vorte nøydde til å svara ein høg pris for det. Og no som tidlegare er verdi full av hat og maktsjuke menn – og naive svenske politikarar som ikkje hev skyna nett det.

Ein annan melodi som eg gjerne

vil draga fram er «For alltid patriot». Han handlar um alle dei fordomanane og åtaki ein må rekna med um ein er nasjonalist og byrg yver fedrelandet sitt. Som dei sejer i det eine umkvedet:

*«Jag älskar mitt land! Ni tror jag hyser
agg,*

*Men jag hatar ingenting! Jag vill stolt
bära flagg!*

*Och jag målas ut i tidningen som den
värsta idiot,*

*Men jag bryr mig inte alls – För alltid
patriot!»*

Sidan det i våre dagar er mykje lettare å lasta ned MP3-filer enn å venta nokre dagar på å få CD-plata tilsendt i posten, er det fint at dei hev lagt ned so mykje arbeid i å laga eit proffitt plateumslag – der alle tekstene er med, pluss ei rad ulike bilete av bandet, millom anna frå konsertar og festar.

Plata kann tingast beinveges frå netbutikken åt Vikingarock Records, som hev heimesida www.vikingarock.se/shop. Eit kjøp du garantert ikkje kjem til å trega på!

Smaklaus Haggis

Av Lars Moe

Snaudt eit halvår er gjenge sidan me tok fyre oss Stavanger-bandet Haggis og melde den siste EP'en deira, «Nation of fools», og no er gruppa ute med ein ny fullengdar - «The beginning of the end!»

Denne gongen hev den tvilsame Stavanger-gjengen gjort alt «rett». Ikkje berre hev dei ordna distribusjonsavtala med Indie Distribution, slik at det for fyrste gongen er råd å få tak i plata deira i vanlege platebutikker (som til dømes cdon.com), dei hev jamvel kutta sterkt ned på alt som minnar um politisk ukorrekte ytringar. Og resultatet hev i alle fall ikkje late venta på seg: I flestalle dei store

avisone vert bandet for fyrste gongen umtala i rosande ordelag, og med terningkast fem og seks yver heile lina.

Men sidan det vart sagt at «Nation of fools» skulde vera ein smakebit på kva ein hadde i vente når fullengdaren kom, kann eg likevel ikkje segja anna enn at eg kjenner meg litt lurt. Reint musikalsk kann ein ikkje segja anna enn at «The beginning of the end» hev teke gruppa til eit nytt nivå der dei eksperimenterar med ulike stilartar og ikkje lenger like lett let seg klassifisera innanfor nokon etablert genre. Men um bandet musikalsk hev utvikla seg mykje,

hev det gjenge hin vegen med tekstmaterialet. Her kann eg ikkje segja anna enn at Haggis langt på veg hev degenerert til vanleg smaklaus sjokkrock, utan politisk eller moralsk brodd. Ynskjer dei å verta det nye Turbonegro, skal tru, bandet som hev lært seg å sjokkera på den «rette» måten og der bandmedlemene helder kann få lov til å vera rettelegt motstraums i smug? (Jamfør Dagsavisen 9.10.07)

Skulde det siste vera sant, er eg nok redd titelen på den siste plata kann verta ein sjølvuppfyllande profeti.

Fysisk aktivitet i dagsens samfund

Av Svanhild Hopsdal

Innleiing

Eg kjem i denne teksti til å dryfta utsegn: "Fysisk aktivitet er det samme som forebyggende helsearbeid! God fysisk form legger liv til årene og år til livet! En aktiv livstil med tilstrekkelig med mosjon er det beste grunnlaget for god helse!"

Eg vil taka utgangspunkt i tvo artiklar i bladet *Helsenytt*. Eg tek fyre meg det rådande norske synet på fysisk aktivitet og tilhøvet vårt til friluftsliv, som er litt annleis enn det er i andre kulturar. Eg syner her med døme at det er ikkje alltid like lett for folk frå andre kulturar å forstå verdien av fysiske aktivitetar og vårt syn på desse.

Legg me til rettes for nok fysisk aktivitet i kvardagen?

Fysisk aktivitet er eit mgrep som spenner mykje vidare enn til organisert fysisk trening, som det millom anna gjeng fram or eit intervju som Gudrun Vinsrygg hev gjort for *Helsenytt* med Egil W. Martinsen under titelen «Fysisk aktivitet og psykisk helse». Intervjuet vart gjort i samband med at Martinsen hadde gjevi ut boki «Kropp og sinn» på Fagbokforlaget i 2004, og Martinsen fortel at «[i] denne boka definerer jeg fysisk aktivitet og trening som aktiviteter de fleste av oss lærer fra barnsben, slik som å gå, sykle, gå på ski og svømme. Det handler både om såkalt aerob trening eller kondisjonstrening for å styrke hjerte-lungekapasiteten og øke kroppens surstoffopptak, styrketrening og trening av smidighet, koordinasjon og avspenning. Fysisk aktivitet er et paraplybegrep som dekker alle former for muskellarbeid, mens fysisk trening brukes om mer systematiske treningsopplegg der målet er glede, helse og rekreasjon – men begrepene brukes litt om hverandre».

Ut frå dette sitatet må ein slutta at fysisk aktivitet, fysisk fostring som det sumtid vert kalla, er noko som ein kan vera med og leggja til rettes for heilt frå fødselen av. Og i den norske kulturen hev det tradisjonelt vore ein høg grad av fysisk fostring. Det er naturleg for oss å driva med fysiske aktivitetar av ymist slag, og det ser ein særskilt um ein jamfører med andre kulturar som t.d den amerikanske der folk stoggar og spør um du vil hava skyss når dei ser nokon går langsvegen. Her i landet driv ein med fysiske aktivitetar frå barnsbein av - som babysymjning og turning. Når borni byrjar på skule fær dei tilbod um å vera med i idrottslaget, der dei kan driva med aktivitetar som handball, fotball eller basketball. Og same um dei er med der eller ikkje so er det gymnastikk på skulen, og det vert arrangert skidagar eller fjellturar. Mange

skular sender dessutan elevane på leirskule der dei fær vera med på friluftslivaktivitetar i ei heil veka. Då eg gjekk på skule var det både skidag um vintaren og fjelltur um våren. I barneskulen var det jamvel skeisedag um vinteren. Utanum skuletid gjekk eg dessutan på symjetrening og handball. Og so sykla eg alle stader eg skulde, til butikken, skulen o.s.b. Men diverre er eg ikkje so trygg på um det er like mykje friluftsliv på skulane i dag som den gongen. Det er dessutan mange foreldre som gjer borni sine den bjørnetenesta det er å køyra ungane sine til alle slags aktivitetar, i staden for å lata dei få ta seg fram sjølve.

Etter det som vert fortalt i «Hvorfor mosjonere?», eit anna intervju som Eva Fosse hev gjort for *Helsenytt* med dr. med. Roald Bahr, so er det ikkje so mykje fysisk aktivitet som skal til for at ordtaket "God fysisk form legger liv til årene og år til livet!" skal gå i oppfylling. Berre litt hagearbeid, rask gange, sykling, leik med borni eller liknande aktivitetar ein time um dagen kann vera nok. Å ikkje prioritera tid til trening kan etter det artikkelen fortel føra med seg problem med helsa - som yvervekt, diabetes og hjarte- og karsjukdomar. Dette er forstæleg nok dersom ein berre et usunn mat og ikkje tenkjer på at kaloriinntaket lyt svara til kaloriforbruket. I den nemnde Fosse-artikkelen vert Hippokrates sitert slik: "Mangel på aktivitet ødelegger ethvert menneskes gode form, mens bevegelse og metodisk fysisk aktivitet bevarer og forbedrer den". Dette vil i praksis segja at ein bør ha ei jamvekt millom inntak av mat og mosjon, og Fosse-artikkelen fortel vidare at ei undersøking som vart gjord millom nesten 2000 norske menn synte at risikoen for å døy av hjarte- og karsjukdomar var dobbelt so høg hjå personar som valde å sitja heime i sofakroken framfor å gå seg ein tur. Endå meir umfemnande studium gjorde i USA peikar mot dei same resultat.

Eit anna perspektiv som gjeld mest i høve til born er at dersom dei ikkje fær høve til å utfalda seg fysisk, so får dei ikkje så lett innpass hjå jamnaldringar: "Derimot er det lettare å konstatere at barn med motoriske vansker også kan oppleve problemer i leiken og andre dagligdagse gjøremål hvor de ikke strekker til. Det er også sannsynlig at slike barn hemmes i utviklingen på andre områder en på det motoriske." («I bevegelse», s 96).

At det krevst eit minimum av fysisk dugleik og tame for å fungera i kvardagen, millom oss vaksne med, er ikkje noko ein tenkjer so mykje yver, men sjølv hev eg ser-

skilt sett dette når det kjem utanlandske Ph.d-studentar eller post.doc-arbeidstakarar frå India og Kina til Universitetet i Bergen – der dei fleste kjem frå den velstående yver- eller mellomklassen. Når dei hev arbeidt i sine egne land, hev dei vorte køyrde ikring i bilar med eigen sjåfør, og dei hev jamvel fenge husleiga si svara av det universitetet som dei arbeider for. Men når dei kjem her til lands og til byen, vert dei plasserte på Fantoft der dei må sykla heile vegen til universitetet sjølve. Då kjem det godt med at dei kan sykla, slik som dei lærde det i heimlandet då dei var unge. Dei flest vert likevel nøgde med tilværet her - jamvel um dei lyt sykla til universitetet, eller kanskje nett difor? På Fantoft kan dei både få høve til å sykla til universitetet, slik mange andre norske studentar gjer, og dei hev tilgang til andre studentaktivitetar i nærmiljøet som basketballtrening i Fantofthallen.

Diverre kan det sjå ut som um nokre av me norske er byrja å gå burt ifrå tradisjonen vår med friluftsliv og andre fysiske aktivitetar, og det kan tenkjast at det er av di me tek etter den amerikanske kulturen -som gjeng ut på å sitja inne og sjå på fjernsyn. Og dette jamvel um det for lengst er godt dokumentert og ålment kjent at jamn fysisk aktivitet hev dokumentert helseeffekt på hjarte og karsjukdommar, høgt blodtrykk, tjukkarmskreft og diabetes – slik det til dømes vert nemnt i artikkelen «Hvorfor mosjonere?»

I sistnemnde artikkel vert det dessutan vist til det eg alt hev vore inne på – at me norske er heldigare stelte i høve til andre kulturar som t.d. den amerikanske, av di me som regel kan velja trappa i staden for å ta heisen. Idrottsrørsla i dette landet er dessutan open for alle aldersgrupper, og slik er det visst helder ikkje i Amerika.

Eg som er nordmann kan finna på å invitera dei utanlandske studentane med på bading på Nordnes Sjøbad og på fjellturar – og det tykkjer eg illustrerar litt av både mi eigi og nordmenn flest si haldning til friluftsliv. At dette kan vera svært uvandt for folk frå andre kulturar tenkjer me ikkje alltid so mykje på. Ein gong då eg spurde ei dama frå India um ho ville vera med til Nordnes Sjøbad, svara ho "But I can not swim in the pool if boys are there to see me", og eg såg at det ikkje var so lett for henne med alle desse fysiske aktivitetane som eg tilbaud henne frå tid til anna.

Nokre av dei som kjem hit kjenner truleg litt av det same som dei borni som vart omtala i sitatet som eg tok frå «I bevegelse»; at dei ikkje strekkjer til av di dei

ikkje hev like god motoriske tæme som oss som meiner me er fødde med ski på beini. Det siste må likevel ikkje tolkast som at utlendingar generelt ikkje er i fysisk aktivitet. Det er berre det at dei ofte ikkje hev kultur og tradisjon for den type «røffe» fysiske utbydingar som livet i Noreg representerar. I staden hev dei gjerne andre måtar å halda seg i aktivitet på - i India hev dei millom anna yoga. Det siste illustrerar likevel berre poenget i sitatet åt Egil Martinsen – at anten lyt ein ha eit miljø ikring seg som garanterar for eit minimum av fysisk aktivitet, eller so vert ein nøydd til å treni i staden.

Korleis kan barnehagen driva eit helsefremjande arbeid?

Slik som stoda er i dag so driv barnehagane eit helsefremjande arbeid med di dei tilbyd frukt og minst eitt brødmåltid til borna kvar dag. Nokre barnehagar tilbyd dessutan varm mat ein gong i veka. Dei fleste barnehagane i landet tilbyd borni å få koma ut og leika på uteleikeplassen kvar dag. Alle barnehagar hev dessutan retningslinor for inn klima, som at det skal vera god luftkvalitet inne. Eldre barnehagar hev installert ventilasjonsanlegg. Sjølv sagt er nok dei nye barnehagane betre på dette enn mange av dei gamle, men det hjelper kor som er ikkje um ikkje borna fær vera ute og leika i frisk luft, Helst bør dei få vera i skogen og leika. Der er det frisk luft og mange fysiske utfordringar med det at dei kan klatra i tre og gå i terrenget.

Dei fleste barnehagane hev dessutan turdag på timeplanen kvar veke. På desse turdagane gjeng dei turar i nærmiljøet eller i skogen. For å få meir helsefremjande turar kunde ein ha aktivitetar som er litt meir utfordrande enn slik som det er i dag. Borni gjeng til den same leirplassen og grillar pylsor. Og kva med å gå på ski til leirplassen eller gå til ein skeissehall og ha med salat og fiskekakor i sekken?

I «Retningslinjer for mat og måltider i barnehager» som vart gjeven ut i fjor haust, står det at forbruket av kjøt bør ned medan forbruket av fisk bør opp. Forbruket av grønnsaker lyt opp, det med. Kva då med til dømes å ta ein plastpose med masse opphakka grønnsaker i og laga wok på turen? Det er desutan masse sunn mat ein kan laga når ein er ute i det fri, som nanbrød og fiskepinnar – gjerne med fruktsalat attåt. Men me hev diverre ein tendens til å avgrensa oss til pylsor i brød. Um ein vil ha svært helsefremjande mat, kan ein jo gå yver til å ha økologisk mat. Det er også mogeleg no.

Ein kunde dessutan havt meir leikeaktivitetar med fysiske utbydingar på turane, som å kliva i tre, balansera på tre, fjellklatring o.s.b, og ikkje berre frileik. Rulla ned ein bakke, dansa kring leirbålet, det er mykje kjekt ein kan finna på når ein er ute på tur.

Økologisk kaffi til dei tilsette og økologisk mjølk til borni er eit anna mogleg tiltak. Det hev millom anna Bortigard Barnehage i Bergen gjort. Slike tiltak burde

vera fullt i tråd med rådeplanen, der det under punktet «Nærmiljø og samfunn» heiter at ein skal «[s]ørgje for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og andre. Og punktet 3.4 Natur, miljø og teknikk kor det står: I tale og handling fremje ei forståing for bærekraftig utvikling og velje litteratur og aktivitetar som fremjar ei slik forståing. (Rammeplanen 2006, s 42, 3.6).

I høve til at ein bør ha meir friluftslivrelaterte aktivitetar, for å kunna driva eit meir helsefremjande arbeid, kan ein syna til Rammeplanen der det står at ein skal «[få] gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider».

Litteraturlista

Guðrun Vinsrygg, «Fysisk aktivitet og psykisk helse». Intervju med Egil W. Martinsson. http://www.helsenytt.no/artikler/aktiv_psyk_helse.htm

Eva Fosse, «Hvorfor mosjonere?». Intervju med dr. med. Roald Bahr. http://www.helsenytt.no/artikler/hvorfor_mosjonere.htm

Greta Langlo Jagtøien og Kolbjørn Hansen, «I bevegelse». Gyldendal Forlag, 2000.

Sosial- og helsedirektoratet, «Retningslinjer for mat og måltider i barnehager», 2007. Kunnskapsdepartementet, «Rammeplan for innhaldet og oppgåvene til », 2006.

Kuggnäsfestivalen 2008

Av Lars Moe

Kuggnäsfestivalen 2008 gjekk av stabelen frå fredag fyrste august til laurdag andre august, og som vanlegt vart det ei roleg og fredeleg affæra med god stemning og god musikk. Vikingrockegruppene som var representerte i år var dei svenske gruppene Blå Brigader, Völund Smed, Nidhöggs Vrede, Röde Orm, Conny T, Njord og Heroes - og dessutan det tyske bandet Kraftheim frå Niedersachsen (myspace.com/kraftheimteutoburgerwald). Av andre kjende band som spela på festivalen var det vidgjetne britiske punkbandet Cockney Rejects og dessutan vårt eige norske Haggis.

Det er Kuggnäs Motorgård i Nyköping som stend attum festivalen, som i år vart skipa til for femte året på rad. For oss som var på festivalen var det serskilt gildt å njota det nye låtmateriale åt gruppa Njord, som so vidt rakk å få sleppt debutplata «Mot Himlen» fyre Kuggnäsfestivalen braka laus. Men helder ikkje dei hine gruppene hev lege på latsida



sidan sist, so her er det mykje å gle seg til når dei som stod på scena endelegt fær kome seg inn att i eit studio.

Eit lite straumbrot førde til at publikum fekk seg ein pause då Völund Smed skulde stå på scena, men dette lagde ingen dempar på

stemningi.

Ultima Thule var diverre ikkje på scena dette året, sidan dei hev for vane å einast spela annakvart år. Med andre ord er dei på plass til neste år, og då er vel du der med?

“Fikk betalt for”

Av Thoralf Bergwitz

Det er mogleg at mine språkkunnska-
par er noko for spartanske og at eg difor
er komen i skade for å trø i salaten. Og då
hev eg utsett meg for hógg – serskilt frå
deim som er ute etter skalpen min. Kvi
nokon skulde hava slike ynskje eller
motiv for auga, er vandskeleg for meg å
skyne. Det var elles ikkje for å påpeike
noko uvanleg – at eg skreiv ned dette
inserteret. Det var faktisk for å avduke
noko som er heilt vanleg, men er likevel
– etter mi meining – meningslaust. Det
er difor eit totalt bomskøt å draga fram
andre døme på meningsløysa.

Det er so mange meningsløysur som
hev trengt seg inn i tungemålet som me
nyttar oss av, at det er reint skræmelegt,
tykkjer eg!

Tenk berre på ordet sjanse! Ordet er
henta frå fransk – der det heiter chance –
Her tyder ordet - etter fransk-
norsk(bokmåls-) ordbok(frå 1973):
mulighet, hell, lykke, være heldig – dvs.
noko som me ynskjer skal hende. I dag
høyrer me ofte ordlag som: ”sjanse for
flere ulykker – t.d. i trafikken”, ”sjanse
for streik – sjanse for at det skal bli krig”.
Det er faktisk ein sterkt aukande tendens
til å nytte ordet sjanse for at noko vondt
skal hende. Me kann ikkje tru at det
verkeleg er slik at dei som nyttar ordet
sjanse i slike samanhengar – ynskjer at
det vonde skal koma yver oss – dei
meiner ikkje at det vonde skal hende!
Dei meiner å segja – at det er fåre for at
slikt skal hende, men nyttar det ordet
som tyder det motsette.

Det å segja det motsette av det ein
meiner, det kallar eg meningslaus tale
eller meningslaus skrivning.

Når det gjeld ordet ”betale” so er det



uløyselig knytt til handlingen (gjernin-
gen) – det å gjeva frå seg noko – som
regel pengar! Me segjer t.d. ”No må eg
koma i hug ”å betale” det eg er skuldig”.
Med andre ord – det er den som gjerer
upp for noko – ei vare eller ei teneste –
som betalar. Ikkje den som tek imot
betalingen! Han ”får ikke betale”! Han
får(fikk) heller ikkje betalt! For han
betaler ikke!

Det som er meiningen å segja – det
er: ”det fikk han betaling for”.

Ordlaget ”fikk betalt for” – sagt i
tydingen: ”fekk betaling for” – er – som
me ser – ei meningsløyse. Ordlaget
inneheld ikkje det som er meint å segja –
det inneheld jamvel det motsette av det
som er meint å segja.

Verre meningsløyse er det vandske-
leg å syne til.

Elles er det vel – når me fyrst skal
dryfte den aktuelle utsegn - noko irreg-
ulært noko ugrammatikkalsk - noko med
samanstilling av ”fikk” og ”betalt for”
ôg?

Me vil vel helst segja : få betale?
Eller ”fikk betale”? der ordet for han-
dlingen stend i infinitiv?

Ordet få er som kjent bundi til ei eller
anna form for yverføring av noko - frå
eit menneskje - til eit anna. Det kann
vera ei gåve – eller løn for eit arbeid.

Når me so ser på ordlaget ”fikk
betale” – so er det ikkje den gjerningen
”det å betale” – ein ting som er til å gjeve
burt – og difor heller ikkje noko som
nokon kann få! Det er ”høve til” – som
me kann få eller taka imot – m.a.o. eit
løve til – det å betale.

Då tykkjer eg det kjem klårare fram –
både det at gjerningsordet må stande i
infinitiv – og at ordet få fær ei meining i
denne samanstillingen ”få høve til å
betale”. Men det er likevel betalingen
som er det primære – og det menings-
fyllte ordet- i det som det er meint å
segja med ordlaget ”fikk betalt for” –
som er vanleg – i staden for ”få(fikk)
betaling for”.

Diverre fekk eg nok ikkje klårt nok
fram det meningslause i dette ordlaget. i
det fyrste innleggjet mitt um den aktuelle
utsegn. Det segjer eg meg leid for. Eg
skal lova å skjerpe meg dersom eg vågar
meg på å koma med fleire kritiske inn-
legg.

Eg må likevel taka meg lov til å segja
at eg tykkjer at det innleggjet som Tore
Lund hadde i Målmannen nr. 2 - um at
Nynorsk er eit mål i oppløysing, sa mykje
tankevekkjande – serleg for deim som
ikkje hev øyro å sjå med – eller øyro å
høyre med.



NYNORSK
ANTIQUARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Moskèkamp i Köln

Av Olav Torheim

Moskèbygging er ei heit potet i mange europeiske byar. Berre i Tyskland er det gjevne byggjeløyve til eit par hundrad nye moskèar av det tradisjonelle muslimske slaget - med stor kuppel og minaret. Og ikkje berre etlar styresmaktene rundhanda ut løyve til det eine moskèbygget etter det andre - dei finansierar jamvel mange av moskèbyggi, med di mange av moskèane vert prosjekterte med egne bibliotek, restaurantar og konferansesenter attåt, og med det vert presenterte for styresmaktene som ålmennytige "kultursenter" og ikkje som det faktisk er (les til dømes Udo Ulfkotte sine bøker um desse spursmåli).

I Ehrenfeld i Köln hev det gjenge so langt at ein tyrkisk organisasjon, DITIB, hev søkt um å få byggja ein moskè som skal verta større enn Kölnerdomen. Kor viktugt det er for muslimane at moskèen skal raga høgare enn kyrkja såg me eit tilsvarande døme på i Israel for ikkje so mange år sidan, då fundamentalistiske muslimar vilde byggja ein gigantisk moskè rett framfor fødselskyrkja i Betlehem (sjå til dømes filmen "Christians in peril" av Pierre Rehov).

Kor som er - ikkje alle tyskarar er tenkt å sitja rolegt og sjå på at byen deira vert islamisert, og den nyskipa borgarrettsgruppa Bürgerbewegung Pro Köln kjempar mot den planlagde stormoskèen med nebb og klør - og det jamvel um dei hev både det politisk korrekte etablissementet og valdelege vinstreestreme aktivistar imot seg.

Då borgarrettsrørsla i Köln skulde halda informasjonsmøte um saki, freista galningar å trengja seg inn på møtet og måtte haldast attende med makt. Til lukka greidde ein med mannsterkt politiuppbod å stogga inntrengjarane slik at møtet kunde skipast til på skaplegt vis. Ein video frå møtet kann lastast ned frå heimesida åt borgarrettsrørsla, og jamvel um det ikkje kom til biting, minnar det litt um då årsmøtet i Bladmannelaget gjekk av stabelen den 9. oktober 2004.

Som bystyrerepresentanten for borgarrettsrørsla segjer på møtet som vinstreestremistane freista å øydeleggja, med å byggja ein stormoske i Köln sender muslimane ut ei melding um at Köln ikkje lenger skal få vera Köln. Det er ikkje lenger den vidgjetne Kölnerdomen, men ein gigantisk muslimsk moske med minarettårn og kuppel, som skal vera landemerket i Köln.

Ei borgarrettsrørsla for Köln veks fram

Bürgerbewegung Pro Köln vart skipa den 5. juni 1996 i Köln-Dunnwald av partilause Köln-borgarar. I åri som fylgde hev rørsla freista setja fokus på problem som andre politikarar frå dei tradisjonelle politiske partii i Köln ikkje hev vilja taka ålvorlegt - som narkokriminalitet og prostitusjon. Og dei seinste åri er det den snikande islamiseringi av det offentlege romet som dei hev gjenge til felts mot. Då planane um den muslimske stormoskèen vart offentleg kjende i 2002, starta borgarrettsrørsla underskriftskampanje mot moskèen - ein kampanje som vart ein suksess utan like. Kvar gong det vart gjort framlegg um ein konkret stad der moskèen skulde lokaliseras, sprang aktivistar frå borgarrettsrørsla frå dør til dør i grannelagi og samla inn underskrifter - og folk flest skreiv viljugt under på at dei ikkje var interesserte i å få ein gigantisk moskè som næraste granne.

Kampen mot stormoskèen la grunnlaget for valsuksessen i 2004, då borgarrettsrørsla fekk fem prosent av røystene og for fyrste gongen kom inn i bystyret i Köln med ei rad representantar, og sidan den gongen hev dei vore flinke til å markera seg frå bakerste benk mot dei politisk korrekte.

Folkemøte og kongress mot islamisering

Den 20. september i år kallar borgarrettsrørsla i Köln inn til folkemøte framfor Kölnerdomen. Her vert det ei stor offentleg tilskiping, både med kulturelle innslag og med



appellar frå forbundspolitikaren Henry Nietzsche og andre innvandringskritiske europeiske politikarar frå Austerrike, Italia, Belgia og Frankrike. Ein reknar med at minst eit tusundtals menneske kjem til å møta fram, og folkemøtet i Köln kjem soleides til å verta den største anti-islamske markeringi i Europa i etterkrigstidi, um ikkje nokon gong.

Frå 19. til 20. september vert det i Köln halde internasjonal anti-islamiseringskongress, skipa til av Bürgerbewegung Pro Köln og Pro Nordrhein-Westfalen i samarbeid med det europeiske netverket "Byar mot islamisering" og andre innvandringskritiske europeiske parti.

Under valspråket "Nei til islamisering! Nei til stormoskè i Köln!" kjem meir enn 1000 menneske den 20. september til å møta fram og protestera framfor Kölnerdomen. Men allereide dagen fyreåt startar kongressen der det vert ordskifte og innleidingar um islamiseringstrugsmålet mot Europa - og dessutan ein internasjonal pressekonferanse der politikarar og talrike islamkritiske skribentar er venta.

Målmannen reknar med å vera representert på møtet med eigen korrespondent.

Du kann få vita meir um anti-islamiseringskongressen og folkemøtet på heimesida www.pro-koeln.org.

Invitasjon til anti-islamiseringskongress 19.-20. september

Av Henry Nietzsche, medversmann i den tyske nasjonalforsamlingi

Anti-islamiseringskongressen i Köln kjem til å gå inn i saga som den dagen då europeiske patriotar endelegt stod upp og slo attende den islamske stormen mot fedrelandi våre.

Islamiseringstrugsmålet er ikkje einast eit tysk, fransk eller belgisk problem. Det er europeisk. Yveralt i Europa krev integrasjonssuviljuge innvandrarak fleire og fleire konsesjonar til sin eigen religion. Det dei segjer at dei krev er "toleranse", men det dei vil ha er

islamske parallellsamfund, og det i hjarta åt dei kristelege vestelege landi.

Parallellsamfund, der gjeldande lov og rett vert ignorert og vår kultur vert trakka under fot.

I staden for å verna dei sams europeiske verdiane våre, so gjev riksmaktene våre etter for kravi frå islamistane, og det under dekke av "religionsfridom" og blinda av multi-kultur-vanvit. Frå sitt eige folk krev dei derimot

at dei friviljugt skal sleppa ned sin eigen identitet og finna seg i å verta i mindretal i eige land.

Men framleis er det me som er i fleirtal i Europa!

Lat oss tala med èi røyst, då kann ikkje riksmaktene lenger lata vera å lyda til oss! Me europearar er knytte saman i ein sams kristeleg-vestleg tradisjon. Ikkje noko mindre enn dette handlar det um å taka vare på!

Frå plastsoga - Part 3

Av Lars Bjarne Marøy

Plast vert laga av olja. Med kvart som det vart nytta meir olja til forbrenning, vart det eit yverskot av attåtprodukt. Etterkvart som desse attåtprodukti hopa seg upp i store mengder, vart ein interessert i å bruka desse stoffi på ein meiningsfull måte. Framstillingsteknikkane av ulike plaststoff hadde vore kjende i lang tid. Sume kann fylgjast heilt attende til 1800-talet medan andre fyrst vart kjende kring 1940. Kor som var, ein tok til å skilja ut harpiksar av olja, og deretter freista ein å gjera stoffi reiduge for vidareforedling. Sjølv utskiljingi frå olja var ein prosess i seg sjølv. Ein harpiks kunde vera grunnlag for ein plasttype eller fleire plasttypar. Det vart gjort svært mange eksperiment i ulike laboratorium.

Bakgrunnen for at ein kunde starta -storskala produksjon av t.d. emballasje umlag frå 1960-talet av, var at det vart gjort store framsteg i arbeidet med plastråstoff som Polyvinylklorid (PVC), polystyren og polyetylen på 1950-talet. I alt utgjør desse stoffi meir enn 50 % av den plasten som vert nytta idag. Det vart billegare å nytta petrokjemiske produkt utetter 1950- og 1960-talet. På 1960-talet hadde ikkje Noreg vorte ein oljeproducent, og råvareprisane var dyre. Likevel greidde norske firma å produsera so mykje basisplast at 60 prosent gjekk til eksport kring 1960. Dèt viste at norske fyretak var i stand til å tevla utanlands.

Det var eit stykkje ut på 1960-talet at plasten vann fram med bravur. I 1959 var den totale verdsproduksjonen av plastråvarori ferd med å verta like stor som verdsproduksjonen av aluminium og bly. Plastråvareproduksjonen auka sterkt i Noreg frå 1954 til 1959. I 1954 vart det produsert ca. 5 000 tonn plastråvaror, i 1959 var talet nærmare 23 000 tonn. USA var fyrst ute etter krigen, og dominerte plastproduksjonen i 1960, men Tyskland og Storbritannia låg òg langt framme. Den europeiske plastproduksjonen var på offensiven i 1960, og voks raskare enn han gjorde i USA. Det vart drive eit intenst forskingsarbeid innanfor universitet, industrilaboratorium og forskingsinstitutt kringum i verdi. Desse forskingsarbeidi endra oppfatningane av kva som i det heile teke var mogleg å få til av produksjon med bakgrunn i plast.

Basisplastproducentane er relativt lite involverte i sjølv ferdigproduktindus-

trien, men det finst undantak (fiber-, plate- og folieproduksjon). (NOU, nr 18. Plastbearbeidende industri, Oslo 1977:14) Dei verksemdene som framstelde ferdigvaror innanlands var småe, men dei framstelde mange ulike produkt. Importen av plastferdigvaror var 12.5 mill. kr i 1959. Det tilsvara 10-15 pst av den innanlandske produksjonen. (Morgenbladet, Norsk plastindustri på de store verdensmarkedene, 21. mai, 1960:9)

I den fyrste tidi plastindustrien var aktiv, var det viktig å skaffa seg lisensar frå store konsern som sat med patentrettar på plastråstoffi, og det var vanskeleg å få tak i maskinar til produksjonen. Ein måtte òg ha lisens for å produsera ei rad typar produkt. I alle fall fram til 1956 vart lisensane m.a. betala ved at ein importerte plastråstoff. (NOU, nr. 18, Oslo 1977: 72) Dette viste at plastråstoffproduksjonen i Noreg var liten i alle fall fram til 1956. Den gongen var det ålment sèt ikkje vanskar med å få avsetnad for dei ferdige plastvarone. Kunnskapen um plasten var låg både millom grossistar, detaljistar og forhandlarar. I 1960 hadde kunnskapen vakse, og det var lettare å skaffa seg lisensar og utstyr, men avkastnaden på plastprodukti var lågare enn i pionertidi. (Morgenbladets krontikk 21. mai 1960)

Dei aller fleste eller kanskje alle patentti på plastråstoff var nok gjengne ut ved inngangen til 1960-talet, men nye produktpatent hadde kome til. I 1962 var det eit stort utval av patent innanfor plastindustrien. Dei verksemdene som skulde arbeida med plast, laut halda seg orienterte. Dei måtte vera oppdaterte um kva som var av nyvinningar, og kunde ikkje lata vera å røkja etter kva avgrensingar andre sine patent sette for deira eigen produksjon. Tevlingi må soleis ha vore beinhard. (Plast Nytt nr. 4 1962).

At plastproducentane ikkje kunde nytta andre sine patent, spela gjerne ikkje so stor rolla, for sluttbrukarane i Noreg trong sermerkte produkt til sitt bruk. Det dei importerte og kunde nytta var patentert. Trong dei noko ekstra og noko nytt, var det naturleg å venda seg til plastindustrien. Dessutan var det vel aktuelt for sluttbrukarane å venda seg til plastindustrien når dei ikkje var nøgde med dei produkti som var på marknaden.

Ein kann i all fall oppsummera med at på 1950-talet var tradisjonelle material og

soleis det tradisjonelle samfundet under ei viss umforming - av di plasten kom inn som eit alternativ. Det vart stovereint med endringar av produksjonstilfang, og forbrukarane fekk ei rad nye ting i plast. Den eine komponenten i Spencers teori um at det moderne fører med seg ein ny mentalitet for endring kan vel knytast opp til den framveksande plastindustrien. Dessutan vart produksjonen i plastindustrien i stor mun lagd upp etter rasjonalitet og etter vitenskaplege undersøkingar. Ikkje slik å forstå at det ikkje hadde vorte gjort vitenskaplege utprøvingar med tradisjonelle material, men innanfor plastindustrien var vitenskapen nær sagt avgjerande for at plasten skulde kunna utvikla seg. Utan vitenskaplege eksperiment vilde ein ikkje vera i stand til å koma fram til plasttypar som eigna seg til dei ulike produkti. Den same rasjonaliteten kunde ikkje knytast til det samfundet som hadde eksistert fram til 2. heimskrigen. Det skjedde fundamentale endringar i etterkrigssamfundet.

Leikety

Barbiedokkor i vynil vart hjelpte fram i 1959, og hev vorte ein attergangar. Ei rad leikar vart laga i polyvinilklorid. Leikane kunde oppfattast som verkelege, skreiv ein samtidig skribent. (op sit, Meikle 187, jf. Målmannen nr. 3 2008) På 1950-talet tok ein i bruk polystyren som materiell til modelltog. (op sit, Meikle: 188) Nokre leikar av polystyren hadde kome i bruk alt på slutten av 1940-talet, andre kom noko seinare. Utetter 1950-talet var det soleis ei rad leiketyprodukt som vart laga av plast. Bilar, båtar og fly vart produserte. Dessutan modellbyggjingsdelar av alle slag. Born laga hus, butikkar, togstasjonar og tårn av plastbyggjedelar. Eit leiketysett av ein by inneheldt elektriske tog, og var fullt av plastmenneske av fleire slag. (op sit, Meikle: 188 og 189) Polyetylen vart nytta i billeg leikar. Gitar leika krig med grøne leiketysoldatar av sprøytestøyp polyetylen. Eller dei kunde leika cowboy og indianar med leikar som var produserte på same måte. (op sit, Meikle: 190) På 1950-talet fekk ungdomen i USA nylonhjul på rullskeisone. (op sit, Meikle: 191)

I Danmark arbeidde Lego seg fram til å verta verdsproducent av legoleikety. Svært mange norske gitar og gjentor hev bygt bilar, hus, båtar, dukkor og alle slags

andre ting av legobyggjeklossar. Treindustrien måtte møte utfordringane frå plasten på mange måtar. Det førde med seg at pappen fekk plastpåstrykingar. Øskjor av alle slag hadde plastyvertrekk og sameleis brettet til sjakkspel, monopol, ludo m.fl. Leiketybransjen ser aldri ut til å verta tom for plastakebrett, kjelkar, miniski, rullebrett, rulleski og trehjulsyklar.

Butikkemballasje og kjøkenreidskapar

På kjøkenet hev det skjett ein plasterevolusjon òg. M.a. kom plasten inn i staden for aluminium som dominerte t.d. til hushaldsprodukt som emballasje på 1930-talet. Det kom til boksar, kaffitraktarar, skaffety, skåler og glas av plast. Plasten tok yver for stål i ymse konstruksjonar, t.d. kjøleskåpsdelar. I 1961 fekk ein grytor med teflonbelegg. (op sit, Meikle: 192)

Tupperware-produkt vart umtykte på slutten av 1940-talet. Desse plastprodukti yverraske både husmødrer og plastkritikarar. Dei var fleksible, men dei hadde òg slitestyrke. Det var eit slikt produkt folk ynskte seg. Men det er verd å leggja seg på hjarta eit sitat frå ein samtidig amerikansk skribent. Han skreiv i 1945: *“Det gode med plastprodukti er at dei er billege å skifta ut i staden for å reparera”*. Med kvart vart det yverproduksjon, og produsentane måtte tenkja meir på kva nye umkverve ein skulde nytta plasten på enn på kor slitesterk plasten skulde vera.

Det vart laga plastflaskor til deodorant i 1947, og det vart snart sett i gong arbeid med å laga pakningar til handkrem, solbadeolja, barberkrem, shampoo og til parfyme. Frå fyrst av var plastpakningane dyrare enn glaspakningane, men med kvart vart det billegare og billegare å produsera plastprodukt. Det førde til at plasten berre spreidde seg endå meir. Plasten kom i bruk for innpakning til mjølk og sausar og til andre liknande produkt. I Sambandsstatane nyttar ein enno plast til mjølk, medan me brukar papp med plastpåstryking i Noreg. Tidleg på 1960-talet tok ein i bruk plaststoffet styrofoam til blomsterpottor, kjølebagar og til emballasje. Ti år seinare tok ein i bruk styrofoam til m.a. eggekartongar. (op sit, Meikle: 189).

Endå emballasjen vart laga med tanke på at pakningane skulde nyttast uppatt, vart det meir og meir produksjon. Ein kommentator sa det slik: Framtidi for plasten er i bosskorgi. (op sit, Meikle: 190)

Elektriske forbruksartiklar

På 1950 talet vann plasten i form av polystyren fram som material til radiokassar. Det vart raskare å produsera radiokassar av polystyren enn av den plasten som hadde vorte nytta til då. M.a. av di polystyren ikkje trong so sterk oppvarming under produksjonen. (op sit, Meikle: 187)

Utetter på 1960-talet vart det vanleg å konstruera radio- og fjernsynskabinett som etterlikna tre, men i realiteten var bygde av plast. (op sit, Meikle: 257)

Idag ser me at plasten umsluttar alle slags elektriske forbruksartiklar. Han isolerar like godt mot kulde som varme, og er soleis brukande både til fryseboksar og kjøleskåp, og vert vel dessutan til ein viss grad nytta til komfyrar. Støvsugarar og kjøkenmaskinor av alle slag har alle element av plast i seg. Datamaskinor, stereoanlegg, kassettpelarar og videospelarar er i høg grad av plast. Dei hev dessutan tilleggsutstyr av plast. Diskettane til datamaskina, CD-platone til stereoanlegg og kassetane til kassettpelarane og videokassetane til videospelarane hev plast i seg.

Klesindustrien

Syntetiske fibrar hev kome i bruk i tystykkje og i tråd av syntetiske fibrar. Regntyet vårt hev vorte fylde med syntetiske fibrar av alle slag. Syntetiske fibrar hev breidd seg til hanskar og polvottar.

Ei tid prøvde ein seg med strykefrie skjortor, men det vart aldri nokon stor fulltreffar. Mange av dei som var unge på 1950- og 1960-talet kann fortelja um klesplagg dei hadde fenge frå USA eller andre stader i utlandet. T.d. skjortor som uforvarande vart sette under strykejarnet og smelta. Likevel hev syntetiske fibrar vorte vanlege i alle slags klesplagg. Sengety av syntetiske material er vortne vanlege. Lækjarane tilrår astma- og allergisjuke å nytta syntetisk sengety. Dameklede der ein fyrr nytta silke eller andre material hev i dag vorte avløyste av syntetiske fibrar.

Men det heile starta med nylon. Firmaet Du Pont hadde introdusert nylon rett fyre krigen. Nylon vart ein suksess. Nylonstrømpebuksona vart sterkt etterspurde i USA, nokso kjaapt. (op sit, Meikle: 145-148) Under krigen laut ein likevel prioritera å bruka nylon til fallskjermar og soldatutstyr. Det gjekk faktisk so langt at ein samla inn strømpebuksoner som vart sydde um til fallskjermar og liknande. Det vekte stor åtgåum at kvin-

nor leverte inn nylonstrømpone sine, so dei kunne smeltast um til militærutstyr. Salet av nylonstrømpebuksoner vart stogga under krigen. Det var oppfatta som eit amerikansk offer for at krigen skulde vinna. Og fleire avisverskrifter synte til at nylon vart nytta til diverse militærutstyr. (op sit, Meikle: 148)

Berre 8 dagar etter at Japan var nedkjempa, kunngjorde Du Pont at dei vilde taka upp att produksjonen av nylonstrømpebuksoner. Då strømpebuksona kom i sal att, var det lange køar fleire stader i USA. Det kom jamvel til oppstand og slåsting sume stader. Ein politimann som hadde stade vakt utanfor ein av butikkane gav uttrykk for at han hadde fenge nok av kvinnfolk for ei lang stund frametter. *“Eg vonar at eg aldri fær sjå ei dama meir”*, sa han. (op sit, Meikle: 149)

Kring 1960 prøvde Du Pont seg på ny med eit plaststoff i tekstilindustrien. Denne gongen var det polyester som kom på marknaden. Polyester var meint å verta nytta i dyre herredressar. Det vart satsa hardt på å få til eit gjenombrot for eit mirakelprodukt. Miraklet var at buksona ikkje trong stryking, men det vart ingen fulltreffar med buksona eller dressane. Du Pont hadde satsa for friskt. Det var fyrst på midten av 1960-talet at det vart aktuelt med strykefrie buksoner. Då vart det ei naudsynleg vara for amerikansk millomklasseliv. (op sit, Meikle: 191 og 192)

Sport og friluftsliv

Serleg tydeleg vart plasten innanfor idrotten. Her var det avgjerande å ha det beste utstyret og dei beste tevlingsvilkåri. Innanfor seglesporten vart plastbåtane alt på 1950-talet ein suksess. Kring 1965 fekk friidrottsutøvarane dei fyrste kunstige løpsunderlagi. Fana Stadion utanfor Bergen var tidleg ute. Det vart klaga yver at det gjekk trått med leggjing av kunstdekke på Bislett i Oslo, men det kom tidleg på 1970-talet. Dette var eit framsteg. Fyrr hadde dei sprunge på grus. Fyrr ein fekk mattor av plaststoff, måtte høgdehopparane hoppa yver lista og koma ned på føtene att. Dei nye sokalla tjukkasane gjorde alt lettare. Glasfiberskii revolusjonerte skisporten. Magne Myrmo var den siste som hevda seg på treski då han vann VM i 1974. I denne meisterskapen vart plastskii introduserte, og det viste seg at dei var yverlegne. Det førde til at nordmennene laut gjeva opp treskii, um me skulde halda tritt med konkurrentane som hevda seg betre med plastski enn våre utøvarar som nytta treski. (Sportsboken,

B



ISSN-1503-2469

Oslo 1974: 160).

Dei fargerike treningstrikkåane vart produserte av kunstfiber. Då dei fyrste nylontrikkåane kom tidleg på 1960-talet, vart det sagt at skeiserennarane sette rekordar med kring eit sekund. Med eit slikt gjetord var det ingen som våga anna enn å fylgja med i utviklingi og skaffa seg nylontrikkåar.

Når ein ser gjennomgangar av idrotts historie på fjernsynet, vert ein sle-

gen av korleis fargefjernsynet forsterkar inntrykket av modernitet. Det er truleg grunna dei slåande tekstilfibrane som fær fram fargenyansane ekstra tydeleg.

I gymsalane spela skuleungdom landhockey med plastkøllor. På fotballløkkone spela ein fotball med lette plastballar. Ballen vart sparka mot eit mål med syntetisk tråd. Stolpane var måla med plastmåling. Kanskje hadde spelarane på seg leggskiner eller knevernar av

plast-stoff.

Ein fekk dessutan treningsbukсор og jakkor av syntetiske tekstilar. Fotballstøvlane var gjerne av skinn, men knottane under kunde gjerne vera av plaststoff. Ishockeyspelarar polstra seg med ei rad plastartiklar. Plasten var yveralt, og det var uråd å halda styr på alle endringane undervegs. Det er fyrst i ettertid at me kann få eit visst yverblick.

Antidiskrimineringslov med nye framvegar for høgnorskrørsla?

Av Olav Torheim

Eg hadde eigenleg tenkt å skriva eit innlegg der eg kritiserte sterkt den nye antidiskrimineringslovi (Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv.), som vart vedteki av det norske Stortinget den 19. april 2005, og som av den amerikanske skribenten Bruce Bawer er vorti karakterisert som "Noregs nye dhimmi-lov". I denne lovi opererer ein med umvende provføringskrav med di det heiter at det er han som vert skulda for diskriminering som sjølv må prova at han ikkje diskriminerar. Nyleg gjorde til dømes Likestillings- og diskrimineringsnemnda vedtak um at ein utanlandsk familie som var på bustadjakt hadde vorte diskriminerte. Familien hadde gjeve det høgste bodet på eit hus som var til sals, men huseigaren selde huset til dei som kom med det næst høgaste bodet - av di desse var greide folk som han hadde fenge eit godt inntrykk av under salsprosessen. Diskriminering, segjer jamstillingsnemndi, som med det slær fast at det ikkje lenger er avtalefridom her i landet.

Men so kom eg til å sjå litt nærare på lovteksti, og kva er det dei skriv? Jau, mellom anna at "[l]ovens formål er å fremme likestilling, sikre like muligheter og ret-

tigheter og å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn". Og vidare at "[m]ed trakassering menes handlinger, unnløtelser eller ytringer som virker eller har til formål å virke krenkende, skremmende, fiendtlig, nedverdiggende eller ydmykende." Og til slutt at "[h]vis det foreligger omslendigheter som gir grunn til å tro at det har funnet sted brudd på bestemmelsene i §§ 4, 5, 6, 7 eller 9, skal det legges til grunn at brudd har funnet sted, hvis ikke den som er ansvarlig for handlingen,



unnløtelser eller ytringen sannsynleggjøer at det likevel ikke har funnet sted slikt brudd".

So aldri so gale at det ikkje er godt for noko? Ut frå denne nye antidiskrimineringslovi burde det i alle fall vera klårt at me høgnorskarar, ein språkleg minoritet som er i klemma mellom bokmålsveldet på den eine sida og medvitslause nynorskbrukarar på den andre, hev eit sterkare antidiskrimineringsvern enn nokon gong (dette med minoritet er viktig, folk som høyrer til majoriteten kann aldri verta diskriminerte, måvita). Frå no av er det kritikarar av høgnorsken og høgnorsk synet som sjølve hev andsvaret for å kunna sannsynleggjera at ytringane deira ikkje verkar eller hev til fyremål å verka skræmmande eller fiendslege andsynes oss høgnorskarar. Og sidan det sjølvsagt ikkje eksisterar eit einaste vitugt argument mot høgnorsk, men einast fordomar og vankunna, er det likt til at høgnorskrørsla for framtidi kjem til å få ei jamn og trygg inntektskjelda - med pengar som høgnorsk krenkjarane lyt ut med i oppreisning. Det verste kritikarane våre kann gjera frå no av er å halda kjeft.

Målmannen treng folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Det gjeld å gjera Noreg so norskt som råd er.

Henrik Wergeland